

Møtereferat

Møte: Møte AU Midt
Tid/Sted: Måndag 04.06.18 kl 10 – kl 15.30 på Nortura Heimdal.
Tilstede: Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Bård Tore Berntsen, Kolbjørn Frøseth, Sverre Tyldum, Johan Kristian Daling, Sigmund Johansen, Olav Håkon Ulfnes og Roy Albertsen
Forfall: Trude Sandstad Eldnes (vara Sigmund Johansen møtte)
Kopi til: Vara AU, leirgruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 04.06.2018

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Orientering og omvisning på Nortura Heimdal Fabrikksjef Stein Rasmussen og rådgjevar Brit Våga orienterte. Presentasjonen er utsendt til AU.	
2	Orientering frå styremøtet 30.05 Olav Håkon orienterte om hybridlån som Nortura no har fått på plass. Det vart i styremøtet orientert om lov om god handelsskikk, jordbruksoppgjeret med fleire verktøy for marknadsregulering, auke i kjøtsalet på 5 %. Økonomisk situasjon. Signal frå kjedene om forventa lågare sal av lam til hausten. Hverdagslam mykje utgått liggetid. Kyllingavtalen med Norgesgruppen. Johan Kristian informerte om avtale med Norsk Kylling. Fleksibelt på kor mange som skal levere kylling. Rådgjeving og kylling frå Norsk Kylling, avrekning frå Nortura. Totalmarknad: Storfe: Høgare bestillingar enn reelt. Gris: Lager på bristepunktet. Ribbetiltaket: Utfordring med eksport av restdyret. Småfe: Må ta ned produksjonen med 63 000 søyer for å balansere marknaden. Lettare med sal av ung sau. Tilleggsytningar: Storfe størst endring i klassetillegg. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">I fagutval småfe opplyst om meir sal enn forventa av Hverdagslam. Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.	
3	Oppfølging av kretsmøta Brit Kari orienterte om oppfølgingsrapporten. Den vert utsendt til RU etter AU-møtet. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">Spørsmål om status kostnad med smågristransport. Vedtak: AU tek oppfølgingsrapporten til orientering.	
4	Evaluering av RU-møtet Brit Kari orienterte om oppsummering av evalueringsskjema. <u>Innspel/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">Aktivt møte. Bør få til meir tid til diskusjon, ikkje så stramt tidsskjema.Gruppearbeid etterspurt.	

- Småbord kan gjere det enklare/raskare å få til gruppearbeid.

Vedtak: AU tek evalueringa til orientering.

5 Oppnemning av ressursgrupper

Bård Tore føreslo Ingrun Sivertsen til ressursgruppe småfe, i tillegg til hans vara Jorunn Karin Kvernen.

Kvart AU-medlem har vurdert behov for endringar i sine ressursgrupper. Johan Kristian føreslo Leif Kristian Bordal i staden for Trond Petter Ristad som har slutta med kylling. Sigmund Johansen kjem inn som ny i ressursgruppe storfe, som ny vara. Ingen forslag til endringar i ressursgruppe egg og gris.

Vedtak: AU vedtok nye ressursgrupper på småfe, kylling og storfe, ellers ingen endringar. Oversikt er vedlagt referatet.

6 Fordeling av ansvarskretsar

Forslag til fordeling av ansvarskretsar på AU-medlemene vart gjennomgått.

Innspel/kommentarar:

- AU-medlemene må ringe med jamne mellomrom til sine ansvarskretsar. Brit Kari kan gjerne minne på dette.
- Har høyrte at AU Agro har eit opplegg med oppfølging av nye kretstillitsvalde. Brit Kari sjekkar opp.
- Ragnar ynksjer å fortsette med felles kretsutvalsmøter for Levanger, Frosta og Verdal, og vil gjerne invitere med seg andre frå AU.
- Sverre og Lars Morten kontaktar sine ansvarskretsar Sentrale Namdal og Fosen-kretsane med spørsmål om møte vedk inntransport.

Brit Kari

Sverre
Lars
Morten

Vedtak: AU vedtok ny fordeling av ansvarskretsar. Oversikt er vedlagt referatet.

7 Handlingsplanar for kretsane og tildeling av midlar

Brit Kari orienterte om kretsane sine handlingsplanar og omsøkte midlar.

Innspel/kommentarar:

- Kan gjerne oppmode om sal av produkt på stands, med betaling via Vipps.
- Nasjonal grillaksjon i regi av Sau og Geit laurdag. Var nokre plassar der det mangla produkt til grillinga.

Roy

Vedtak: AU tek handlingsplanane for kretsane til orientering. Kretsane vert oppmoda til nøktern ressursbruk. Kretsane kan vurdere mogelegheiter for kommersielt sal på bygdedagar, o.l.

8 Inntransport – oppdatering og drøfting

Roy orienterte om historikk og nosituasjon. Plansjane er utsendt til AU. Utfordrande å ta ut kapasitet og kostnader med dagens avtalar, men vi effektiviserer og optimaliserer der det er mogeleg.

Spørsmål/kommentarar:

- Denne informasjonen må bringast til kretsane, kretstillitsvalde og bønder.
- Gjeld Nortura og transportørane, og begrensa kor mykje tillitsvalde skal/bør engasjere seg.
- Usikker på kor mange bønder som engasjerer seg i dette.
- Bør i avtalane vere klausul om korleis oppdragsgjever vert omtalt.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

9 Orientering frå arbeidet i Medlem region Midt

Roy orienterte om utvikling i inntransportkostnad 2013 – 2018 og nøkkeltal inntransport pr april 2018. Tilførslar pr veke 16, marknadsandelar siste 12 månader og hittil i år. Status

team storfe, småfe og gris. Igangkøyring SAP på Malvik. Livdyr. Endringsprosess etter uttak av 20 % adm stillingar.

Spørsmål/kommentarar:

- Korleis er småfeslaktinga planlagt i overgangen til SAP?
- Er det vurdert ekstra tillegg for slakting før overgangen til SAP?
- Livdyrhandel gjennom Nortura har ikkje vore renteberekna sidan mars 2017 pga omlegginga til SAP. Er det berre Nortura som skal ta kostnaden?

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

10 **Deltaking på Trøndersk Matfestival 2019**

Lars Morten orienterte om at vi ikkje fekk til deltaking i 2018. Nortura skal ikkje delta på Matfestivalen i Stavanger heller i år. Har fått avklart at varer for sal skal la seg ordne, viss vi kan organisere og bemanne. Korleis skal ei deltaking vere? Ambisjonar? Mogelegheiter til realisering? Involvere kretsane?

Spørsmål/kommentarar:

- Vil ikkje vere vanskeleg å få eigarar til å stille på stand for profilering og sal av Nortura-produkt mot forbrukar.
- Fokusere på bondeeid, kvalitet til ein høg pris.
- Behov for systematisering for slik deltaking på festivalar i heile landet, at vi ikkje sit og finn opp krutet på nytt.
- Bruke kr 25 000 av dei næraste kretsane sine budsjett til deltaking?
- Er ei inntektsside her gjennom sal av produkt.
- Skissere dette som eit pilotprosjekt?
- Avklare kva vi gjer med utlegg og budsjett.

Vedtak: AU ynskjer deltaking på Trøndersk Matfestival 2019. AU oppnemner Lars Morten, Olav Håkon og Sverre som utval som skal jobbe vidare med dette.

11 **Eventuelt**

- AU-møter:
 - Ynskje om å legge møtet i august til M&R. Kombinere med gardsbesøk og møte i kretsen. Mediadekning. Konklusjon: Møte torsdag 30. august, kombinert med besøk på Dyregoddagane i Gjemnes fredag 31.
 - Tlf møte 27.09 vert utsett til 03.10.
 - Revidert møteplan vedlagt.
- RU-møte: 2-dagers møte eller dagsmøte for kostnadsreduksjon?
 - Set av 1. – 2. november med AU-møte ettermiddag/kveld 31. oktober, vurdere dagsmøte.
- Ynskje om at vi i kvart AU-møte tek ei runde på kva som skjer i fagutvala.
- Prognosen: Viser reguleringslageret. Nortura reduserer no sitt eige lager, noko som ga utslag på storleiken på reguleringslager småfe i den siste prognosen. Olav Håkon sjekkar det.

Olav
Håkon